



Skigruppa legg opp til overnattingstur i Fonnabu i mai.

Skigruppa i Uskedal idrettslag er eit flott aktivitetstilbod. Den har ikkje berre eit godt tilbod i skisesongen, men den fungerer også godt elles i året. Både idrettsleg og sosialt får ein mykje att for å vera med i gruppa. Laurdag 14. og søndag 15.mai har gruppa planar om tur til Fonnabu. Då får deltakarane oppleve både fysisk meistring og sosialt fellesskap.



Fleire og fleire blir med på familietreningane som skigruppa har på tirsdagane no.

Tilbodet om turen går til alle aktive born og vaksne som vil vera med. Dei går opp frå Rednedalen i Austrepollen kl.10 om laurdagen og skal retunera same vegen etter ein tur til Fonnatoppen om søndagen. Dei har ikkje sett noka nedre aldersgrense for turen, men dei seier i invitasjonen at det er viktig at foreldra gjer ei grundig vurdering av kapasiteten til den einskilde. Turen er relativt tung, men likevel ikkje tyngre enn at mange av dei yngste fint kan klare det. Dei reknar med å bruka fem-seks timar frå bilen til hytta. Det er om lag 800 høgdemeter.

Alle borna må ha med seg ein forelder eller ein ansvarleg vaksen. Dei som melder seg på, vil seinare få pakkliste, men i grove trekk vil denne innehalde lakenpose, brødmatt, lette ski og varme klede.

I invitasjonen vert det og lagt til at dei satsar på å lage ein enkel to-rettars basert på Fonnabu sitt rikhaldige utval av flyborne hermetiske delikatesser.

Påmeldinga skjer på skigruppa si facebook-side.

Så er det berre å håpa på at vergudane spelar på lag, for dette kan verta ei flott oppleving å ta med seg.

Vi kjenner dessutan til at det er fleire tilbod om skisamlingar, og at nokre av dei yngre løparane skal på skiskule på Folgefonna like etter skuleslutt i juni.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Ut.no og Bjarte Døssland